

Førde, 02.07.2013

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Norsk Grønnkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Løkkebø kraftverk i Flora kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 18.03.2013 og til sakspapira som vi har lasta ned via internett. Takk for at vi fekk utsett høyringsfristen! Ettersom 13 saker i Flora og Bremanger var på høyring om lag samstundes, var det viktig for oss å få utsett fristen for nokre av sakene. Men trass i utsettinga, vil nok høyringsfråsegnene våre bli noko mindre grundige enn vanleg. Vi har avgrensa administrativ kapasitet. Men vi skal prøve å få fram dei viktigaste problemstillingane.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.797. Løkkebø kraftverk ligg i Flora Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://flora.turistforeningen.no/>

Om friluftsliv i området:

Det viktigaste turmålet i nærområdet til utbygginga, er Midtbønipa, 970 m. Turrutene dit går både frå Lykkjebøen via Nerstølen, og frå Norddalsfjorden, til dømes via Midtbøstølen, og til toppen. Ein flott rundtur er å starte på Lykkjebøen, gå til toppen av Midtbønipa, deretter følge fjellryggen vestsørvestover til Blånipa og/eller Søre Blånipa, og så gå attende til Lykkjebøen. På kortare turar er det fint å gå frå Lykkjebøen og til stolar som Nerstølen, Indrestølen, Ytrestølen og/eller Skitnestølen. Ein annan flott tur er å gå frå Midtbø i Norddalsfjorden via Midtbøstølen til Midtbønipa, og så ned att til Lykkjebøen - eller motsett veg.

Flora Turlag har/har hatt ein del turar i området, men den største delen av trafikken reknar vi med er på uorganiserte turar. Både Midtbønipa og Blånipa er viktige turmål!

Sjølve utbyggingsområdet for Løkkebø kraftverk kjem i liten grad i direkte konflikt med viktige turruter, men på turar som har Lykkjebøen som startpunkt og/eller endepunkt, har Lykkjebøfossen stor opplevingsverdi, særleg viss vassføringa i elva er bra. Det er ein flott foss, og ein identitets-skapar/eit viktig kjennemerke for Lykkjebøen! Opplevingsverdien for turar i området vert redusert viss fossen vert utbygd!

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.2.1 Hydrologi: Det er planlagt ei minstevassføring på 99 l/s om sommaren og 23 l/s om vinteren. Sommarminstevassføringa er oppgitt til å vere 3 gonger 5-persentilen. Tilsynelatande er dette bra for å oppretthalde eit visst liv i fossen, men realiteten er at dette framleis er altfor lite. Vassdraget ligg i eit sørvendt område der snøen vanlegvis smeltar tidleg på sommaren. Etter at snøsmeltinga er ferdig, vil elva tørke fort ut i godvørsperiodar. Nedslagsfeltet er lite, og det finst ingen innsjøar der som kan



jamne ut vassføringa i nemneverdig grad. Dette gjer at 5-persentil sommar for denne elva er ekstraordinært låg samanlikna med middelvassføringa og samanlikna med mange andre elvar. Derfor blir sjølv 3 gonger 5-persentilen ei lita minstevassføring om sommaren. Viss Lykkjebøfossen på ein god måte skal ivareta som det viktige landskapselementet den er, så bør minstevassføringa om sommaren aukast kraftig. Til dømes til minimum 365 l/s, eller 50% av middelvassføringa!

2.2.4 Inntak: Inntaket er planlagt med ei veldig spesiell utforming. Først lagar ein dam over elva på tradisjonell måte. Så blir det laga ein helt ny kunstig "innsjø" i eit myrområde, som skal vere inntaksbasseng. Og mellom desse skal ein ha ein open kanal på heile 85 m. Vi er kritiske, spesielt til å ha ein så lang heilt open kanal. Vi hadde helst sett at det vart lagt eit nedgrave røyr frå elva og over til inntaksbassenget. Med ein open kanal kan ein få problem med å ha kontroll med kor store vassmengder som flyt over frå elva til inntaksbassenget. Skal ein ha eit slikt opplegg, må ein i alle fall vere 100% sikre på at ein, også ved 500-årsflaum, får **alt** overløp over dammen i elva, og at ikkje delar av flaumvatnet går over inntaksbassenget i staden. Det vil kunne skape **store** problem! Vi kjenner ikkje bakgrunnen for at utbyggaren har valt dette spesielle inntaksopplegget, og det er ikkje "vår jobb" som høyringsinstans å vurdere den tekniske sida av det heller. **Men vi ber NVE vurdere inntaksopplegget grundig, og spesielt legge vekt på å sikre at det ikkje i eit einaste tilfelle kan bli slik at overløp går over inntaksbassenget i staden for over dammen og vidare nedover elva! Vi ber også NVE vurdere om det kan vere meir miljøvenleg med eit heilt anna inntaksopplegg.**

2.2.5 Vassvegen: Bruk av borettunnel ser fornuftig ut. Vi har ingen merknader.

2.2.6 Kraftstasjonen: Vi har ingen merknader til plasseringa av stasjonen. God lyddemping er som alltid viktig, men det reknar vi med at NVE passar på at det blir. Vi vil bli veldig forundra viss ikkje ei så pass stor elv som dette gjeld, og som renn så pass flatt ut i Lykkjebøvatnet, er ei ganske viktig gyte- og oppvekstelv for aure/aureyngel. Vi ber NVE vurdere å krevje nærare undersøking av dette! **Viss elva skulle vise seg å vere ei viktig gyte- og oppvekstelv, må NVE etter vårt syn vurdere å krevje at det blir installert omløpsventil i kraftstasjonen.** Vi vil ikkje her og no sette fram krav om installering av omløpsventil, ein må jo først, gjennom ei synfaring, vurdere kva som vil skje med det vassdekte arealet nedstrøms kraftstasjonen ved ein "bråstopp", men spørsmålet må vurderast på ein skikkeleg måte. I tillegg til innlandsaure, **går det jo både laks og sjøaure opp i Lykkjebøvatnet og vidare til Krokstadvatnet!**

2.2.8 Vegbygging: Vi ber om at vegen fram til inntaket vert omgjort til køyresterkt terreng eller ei anna form for "grøn veg", etter at anleggsarbeidet er avslutta.

Vegbygginga i tilknytning til kraftstasjonen, har vi ingen merknader til.

Kommentarar til konsekvensane av utbygginga:

3.1 Hydrologi: Vi er litt forundra over dei tal dagar som står i tabellen nedst på side 17 i søknaden. Er det verkeleg slik at kraftstasjonen berre vil vere i drift i 200 dagar for året i eit middels år? Og er det verkeleg slik at det blir overløp over dammen i berre 15 dagar i eit vått år? Ser NVE på det?

3.5 Raudlistearter og 3.6 Terrestrisk miljø: Vi har ikkje vurdert desse temaene, og reknar med at Fylkesmannen og NVE sine fagfolk gjer det.

3.7 Akvatisk miljø: Som alt nemnt, går det laks og sjøaure (konkret veit vi berre om laks, men vi går ut frå at det også gjeld sjøaure) opp i Lykkjebøvatnet. Det betyr at laks og sjøaure har tilgang til den nedste delen av elva som skal byggast ut. Men om dei verkeleg går opp i elva, veit vi jo ikkje. Viss til dømes sjøaure gyt i elva, er det ein ekstra grunn til å vurdere omløpsventil i kraftstasjonen.

3.9 Landskap og INON: Det er ikkje tilfeldig at Lykkjebøfossen er komen med på lista over fossar og stryk som er viktige landskapselement, i ”Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging”, vedteken av Fylkestinget 11.12.2012. **Lykkjebøfossen er eit veldig viktig landskapselement!** Den er, som det står i konsesjonssøknaden, godt synleg for dei som køyrer/reiser langs vegen mellom Storebru og Sandane. Den er viktig, mange vil sikkert seie svært viktig, for fleirtalet av dei som har hytte ved Lykkjebøvatnet. (Og det er ikkje få!) Den er også viktig for dei mange som driv friluftsliv i området, både turgåing, fiske, jakt, bruk av robåt/kano/kajakk, og andre former for friluftsliv.

I punkt **3.19 Samla vurdering** står det at Konsulenten skal ha vurdert konsekvensen for Landskap og INON til å vere Ubetydeleg (0). **Her har utbyggaren misbrukt det konsulenten har skrive på ein så grov måte at det er trist å sjå! Utbyggaren skuldar spesielt konsulenten, men også høyringsinstansane og NVE, ei stor orsaking!** Så vidt vi kan sjå, har ikkje konsulenten gjort noko som helst vurdering av konsekvensen for landskap, og det har vel heller ikkje vore hans jobb. Han har på dette fagfeltet berre vurdert konsekvensen for INON. Der er vurderinga ”Ubetydeleg” heilt korrekt!

Realiteten er at konsekvensen for landskap er ikkje vurdert i konsesjonssøknaden, verken av konsulenten eller utbyggaren. Det er ikkje godt nok! Vår vurdering er at utbygging av Lykkjebøfossen, med den vesle minstevassføringa som er omsøkt, berre 13,6% av middelvassføringa, gir **Stor negativ konsekvens for landskap!** Vi reknar med at landskapsvurdering blir ein viktig del av NVE sitt arbeid, jf OED sine ”Retningslinjer for små vannkraftverk”.

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv først i fråsegna. Vi er einige med utbyggaren i at bortsett frå ein del i anleggsperioden, vil det bli lite direkte konflikt med brukarinteresser i sjølve utbyggingsområdet. Men den visuelle konflikten med utbygginga vil bli stor. Dette både når det gjeld brukarinteresser i nærområdet til utbygginga, og på lenger avstand, inklusive så langt unna som turmålet Endestadnipa.

3.18 Samla belastning: I omtalen av samla belastning i konsesjonssøknaden, er ikkje fossar og stryk som er viktige landskapselement, nemnde. I Fylkeskommunen sin ”Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging” er det i Flora kommune opplista 11 slike fossar. Sjå Vedlegg 1 sist i fråsegn. Av desse er i dag 2 tørrlagde, medan 2 har fått sterkt redusert vassføring. Ein har fått konsesjon, men er fram til no ikkje utbygd. Av dei resterande 6, er 4 konsesjonssøkte for utbygging i den såkalla Flora-pakken. (I Løkkebø kraftverk, Hestedalsvatnet kraftverk, Langedal kraftverk og Øvre Agledal kraftverk.) Dessutan er utbygging av Grønskredfossen konsesjonssøkt. At den fossen ikkje er med på lista over fossane i Flora, skuldast nok ”ein glipp”, og ikkje at fossen ikkje fortener ein plass på lista! Då står det berre 2 fossar att på lista, og dei er kanskje ikkje 100% sikra mot utbygging dei heller, i alle fall ikkje begge!

Konsekvensane for fossane i Flora er ein viktig del av vurderinga av den samla belastninga av konsekvensane av dei 10 utbyggingane i ”Flora-pakken”. Det er nok NVE merksame på!

Kommentarar til Avbøtande tiltak:

Vi viser til det vi tidlegare i fråsegna har skrive om kraftig auka minstevassføring om sommaren, og omgjerding av vegen til inntaket til køyresterkt terreng.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane Turlag går mot bygging av Løkkebø kraftverk. Sjølv om dei reint fysiske inngrepa i samband med utbygginga ikkje kjem i særleg stor direkte konflikt med friluftsliv, meiner vi at den visuelle konflikten blir for stor. Lykkjebøfossen er eit viktig landskapselement. Det er den

ikkje berre for friluftslivet, men også for mange andre ålmenne interesser! **Vi vurderer også at den samla belastninga som følgje av utbygging av fossar i Flora kommune, kan bli altfor stor.** Så stor at dei fleste av søknadane om utbygging av desse fossane bør avslåast! Viss NVE skulle vurdere å gje løyve til bygging av Løkkebø kraftverk, må minstevassføringa om sommaren aukast **kraftig** for å ivareta fossen som landskapselement på ein brukbar måte. Minimum må minstevassføringa aukast til 50% av middelvassføringa, men helst enda meir!

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

Vedlegg 1:

Fossar og stryk som er viktige landskapeelement. Kopi frå: ”Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging”. Berre dei 11 fossane i Flora kommune er relevante for denne saka.

Namn	Kommune	Lokalisering/merknad	Vasskraftprosjekt - kjent?	Vassføring
Foss frå Handklevatnet ned mot Sjørdalen	Bremanger		Handklevatnet er regulert.	Redusert
Elv frå Hjelmvatnet	Bremanger		Ja	Tørrlagd
Storefossen	Bremanger	Mellom Storefossvatnet og Litlevatnet	Ja	Tørrlagd
Svelgsfossen	Bremanger		Ja	Tørrlagd
Agledalsfossen	Flora	Agledalselva mellom Storebru og Svarthomle, Oselvassdraget	Nei	Naturleg
Brudesløret	Flora	Haukåa	Avslag	Naturleg
Elv frå Stølstjørna	Flora	Vest for Brudesløret	Konsesjon	Naturleg
Hestedalsfossane	Flora	Nordalselva, fossar mellom Hestedalsvatnet og Litlevatnet	Avslag	Naturleg
Jonstadfossen	Flora	Inst i Agledalen, nedstraums Jonstadvatnet, Oselvassdraget	Krav om konsesjonssøknad	Naturleg
Løkkebøfossen	Flora	Oselvassdraget	Søknad i kø?	Naturleg
Fessene	Flora	Mellom Fessevatnet og Storevatnet, Nordalselva	ja	Redusert
Foss frå Grisebotvatnet	Flora	v. Brudesløret	Ja	Tørrlagd
Storebotsfossen	Flora	Mellom Nedre Storebotvatnet og Fessevatnet, Nordalselva	Ja	Tørrlagd
Hovlandselva	Flora	Vest for Eikefjord sentrum	Ja	Redusert
Gygrefossen	Flora	Mellom Blåmannsvatnet og Vassetvatnet	Nei	Naturleg

Tabell 3.2.1 Registrering av fossar/ stryk; viktige landskapselement